

Notat

Til: Fylkesutvalet, møte 6. mars 2017

Frå: Fylkesrådmannen

Arbeidet med regionale kompetansestrategiar

Sterke og gjennomgripande samfunnsendringar aukar omstillingsbehovet og krav til omstillings-takt. Demografisk utvikling, reduserte oljeinntekter, digitalisering og klima-/miljøutfordringar er døme på dette. På bakgrunn av dette har Kunnskapsdepartementet m. fl. teke initiativ til eit pilotprosjekt for utvikling av både nasjonale og regionale kompetansestrategiar. Formålet med pilotprosjektet er å styrke fylkeskommunen sitt grunnlag for betre balanse mellom tilbud og etterspurnad etter kompetent arbeidskraft, både på kort og lang sikt.

Kunnskapsdepartementet legg vekt på at prioriteringane må ta utgangspunkt i den enkelte region sine utfordringar.

Fase 1 i pilotprosjektet vart gjennomført i 2016, der Sogn og Fjordane var eitt av 5 pilotfylke. I pilotprosjektet i Sogn og Fjordane er det så langt gjennomført ein studie der Telemarksforsking har vurdert det kunnskapsgrunnlaget vi har m.o.t. prosjektet sitt formål og dei regionale analysane vi har tilgjengelege i dag.

Basert på Telemarksforsking sine vurderingar og innspel er følgjande 4 innsatsområde lagt til grunn i det vidare arbeidet:

1. Kunnskapsbehov for å realisere verdiskapingspotensialet.	Mål: Stimulere verdiskapingspotensialet slik at veksten i tal arbeidsplassar og folketalet vert høgare. Fylket utviklar løpande strategiar og tiltak for næringsutvikling og verdiskaping. Situasjonen: <ul style="list-style-type: none"> ■ Frå totalt 53.000 til 55.000 arbeidsplassar frå 2000 til 2014. ■ Stagnasjon i utvikling av arbeidsplassar i privat sektor. Det var registrert 35 810 arbeidsplassar i privat sektor i år 2000, medan talet var på 35 736 i år 2014.
2. Kunnskap for å berekne kompetansebehov.	Mål: Talfeste behov for arbeidskraft av ulike kategoriar og typar av kompetanse. <ul style="list-style-type: none"> ■ En stor del av dei sysselsette i Sogn og Fjordane vil tre ut av arbeidslivet innan 2030. Avgangen vil tilsvare omlag 1/3 av arbeidsstyrken i dag.
3. Kunnskapsbehov for å optimalisere utdanning.	Mål: Optimal innretning på utdanningssystemet for å møte framtidig behov i arbeidsmarknaden. <ul style="list-style-type: none"> ■ Behov for arbeidskraft i Sogn og Fjordane vil vere summen av endringar og erstatningsbehov.
4. Kunnskapsbehov for å sikre nødvendig rekruttering	Mål: Styrke vilkåra for å rekruttere nødvendig kompetanse til arbeidsmarknaden i fylket. Generell bustadattraktivitet og rekrutteringsstrategiar. <ul style="list-style-type: none"> ■ Dei strukturelle vilkåra for å få innflytting er svake, då fylket er oppdelt i små og isolerte arbeidsmarknadar. ■ Nettoinnflyttinga er svakare enn forventa.

Fase 2 i pilotprosjektet vert gjennomført i 2017, og her deltek 16 fylkeskommunar. Arbeidet med regional kompetansestrategi har som formål å styrke samfunnsutviklarrolla, og vi kan tenkje oss at det er tre dimensjonar i den:

1. Gi strategisk retning til samfunnsutviklinga.
2. Mobilisere privat sektor, kulturliv og lokalsamfunn.
3. Samordne, koordinere offentleg innsats og virkemiddelbruk.

I det vidare arbeidet vert det teke utgangspunkt i dei aktuelle aktørane si rolle og rolleutvikling når fylkeskommunen skal «gi retning, mobilisere og samordne arbeidet». I arbeidet med å analysere arbeidskraftbehovet er det t.d. viktig at ein først tek utgangspunkt i NAV, og vurderer i kva grad dei kan utvikle si rolle m.o.t. å dekke regionalt behov for kort- og langsiktige analysar av arbeidskraftbehovet.

Det er så langt identifisert 6 kompetanserelaterte tema og vidare arbeid vert organisert som delprosjekt. Delprosjekt 1, 2, 3 og 4 vert prioritert og sett i gong først, og innrapportert som del av det nasjonale pilotprosjektet.

Delprosjekt	Prosjektkategori	Hovudansvar organisering
1. Innovasjon og verdiskaping små- og mellomstore bedrifter (SMB)	Forstudie	Fylkeskommunen, NKA
2. Digitalisering, off. sektor	Forstudie	IT-forum
3. Kompetanseutvikling i kommunar/offentleg sektor	Forstudie	Høgskulen
4. Arbeidskraftbehov	Forstudie	NAV
5. Etter- og vidareutdanning	Forprosjekt	Fylkeskommunen, NKA
6. Bustadattraktivitet	Regional strategi	Fylkeskommunen, Frm/plan

I arbeidet med utvikling av regional kompetansestrategi bør det vere ein ambisjon å utvikle operative strategiar og tiltak som kan føre til ønska endringar. På bakgrunn av dette vert delprosjekt 1-4 definert som forstudie der hovudformålet er å konkretisere ev. behov og grunnlag for vidare arbeid. M.o.t. delprosjekt 5 «Etter- og vidareutdanning» er det eit behov for utgreiingar/ strategiarbeid, og dette vert difor definert som eit forprosjekt. Tema bustadattraktivitet er så langt integrert i arbeidet med regional strategi - «Strategi for senterstruktur og tettstadutvikling i Sogn og Fjordane».

Fylkesrådmannen vil komme tilbake med ei sak om arbeidet med regional kompetansestrategi når arbeidet med konkrete prosjekt er kome lenger. Dette til fylkesutvalet si førebelse orientering.